



Hordaland krets av Juvente  
PB 338 Sentrum  
5804 BERGEN

Dato: 18.06.2014  
Vår ref.: 2014/12457-74  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Driftsstønad til barne- og ungdomsorganisasjonar 2014 - Hordaland krets av Juvente - org.nr. 866 968 462

Det vert vist til søknad med frist 01.mars 2014 om tilskott til drift av dykker organisasjon. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, har på møte den 03. juni i år vedteke å tildele dykk kr 38.680,- i driftstilskot for 2014

Tilskottet vert utbetalt dykker konto nr. 1503.32.37763. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskott skal betalast attende.

### Grunngjeving

Ved tildelinga i 2014 var det 35 søkjarorganisasjonar med eit samla medlemstal på 30 853. Det var kr 1 536 000,- til fordeling.

Ved vurderinga av dykker søknad har Kultur- og ressursutvalet lagt til grunn dykker framstilling i søknaden. Kultur- og ressursutvalet fant at vilkåra for å tildele driftstilskott er stetta, og at det etter ei samla vurdering er grunnlag for å tildele tilskott. Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak kan finnast på Hordaland fylkeskommune sine heimesider: <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/1625> og link til liste over merknader.

### Føresetnader for tilskottet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnadar:

- At opplysningane i søknaden er korrekte og gir eit dekkjande bilde av verksemda.
- At det ikkje finn stad vesentlege endringar i drifta i tildelingsperioden
- At tilsegnsmottakar rapporterer og medverker til eventuell kontroll i samsvar med retningslinene.
- At tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.
- Gjennom aktiviteter, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjera at Hordaland fylkeskommune er tilskottsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

### Rapportering og kontroll

Søkjar skal rapportere til fylkeskommunen. Rapporten skal innehalde årsmelding og årsrekneskap for tildelingsåret. Søkjar skal sjølv varsle fylkeskommunen dersom det oppstår vesentlege endringar som kan ha verknad for tildelinga.

Fylkeskommunen kan ta stikkprøvekontrollar av dei oppgjevne medlemstala og elles setje i verk kontroll dersom fylkeskommunen finn grunn for dette. Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til innsyn i rekneshap og dokumentasjon i slik grad og på slik måte som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn.

#### **Brot på vilkåra**

Dersom det er gitt urette opplysningar i søknaden eller det ligg føre brot på retningsliner og føresetnadjar for tildelinga kan vedtaket om tilsegn verte gjort om heilt eller delvis. Pengane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

#### **Klage**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar  
seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamar: Marianne Ose Askvik

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*